



# MELDING OM TAKST OG SKATT

## INFORMASJON OM ALMINNELIG TAKSERING

### I ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

#### Taksering av eigedomane i Øystre Slidre kommune

Øystre Slidre kommune har omtaksert alle eigedomar i kommunen frå og med skatteåret 2018. Eigedomsskatten blir skreve ut i samsvar med Eigedomsskattelova, samt vedtekter vedtatt av kommunestyret. Kommunestyret har fastsatt eigedomsskattesatsen for 2018 til 2 promille for bustad – og fritidseigedomar, og 7 promille for øvrige eigedomar, utan bruk av botnfrådrag.

I løpet av 2017 har kommunen kvalitetshøve det offentlege eigedomsregisteret, Matrikkelen, og gjennomført taksering av alle bustad- og fritidseigedomar. Takstane på eigedomane gir grunnlag for utskriving av eigedomsskatt frå og med 2018 og de neste ti åra, dersom det ikkje skjer endringar på eigedomen.

Taksten på eigedomen er eit resultat av blant anna verdianalysar av området, faktaopplysningar om tomt og bygningar og skjønnsmessig vurdering av kvar einskild eigedom. Takstane er vedtatt av ei politisk utnemnt nemnd - sakkunnig takstnemnd, som er ansvarlig for å finne tilnærma marknadsverdi for eigedomane, jfr. Eigedomsskattelova § 8 A-2 Verdet:

«(1) Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp ein må gå ut frå at eigedomen etter si innretning, bruksegenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal.»

Alle eigedomar som er taksert er synfart og fotografert. Synfararane har kontrollert faktaopplysningar for alle bygningar som er taksert, blant anna bygningstypar og bruksareal fordelt på etasjar, og gjort vurderingar om forhold på og rundt eigedomen som påvirker den einskilde eigedom sin verdi.

#### Utrekning av takst og skatt

Sakkunnig nemnd har vedtatt sjablongverdiar for bygningar og tomter. Sjablongverdiene multipliserast med avgiftsareal for bygningar (bruksareal multiplisert med etasjefaktorar) og med taksert tomteareal. Vidare er det multiplisert med de skjønnsmessige vurderingane av eigedomen.

$(\text{Avgiftsareal bygningar} * \text{sjablong} + \text{taksert tomteareal} * \text{sjablong}) * \text{Vurderingsfaktor Indre} * \text{Vurderingsfaktor Ytre} * \text{Sonefaktor}$

#### Fritak frå eigedomsskatt

Einskilde eigedomar skal ha heilt eller delvis fritak frå eigedomsskatt. Dette går fram av § 5 i Eigedomsskattelova.

Kommunestyret i Øystre Slidre kommune har for 2018 bestemt å frita heilt eller delvis «eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten», i henhold til § 7 a i Eigedomsskattelova, og «bygning som har historisk verdi» i henhold til § 7 b. Komplette liste over dei eigedomar og bygningar som er friteke er lagt ut til offentlig ettersyn. Eigar/festar som meiner de skulle ha hatt fritak, men ikkje har fått det, kan søke om fritak.

#### Samanføring

Dersom eigedom med fleire bruksnummer kan slåast saman, kan det for nokon eigedomar gje redusert tomtetakst.

#### Offentlig ettersyn:

Skatteliste, fritaksliste og sakkunnig nemnd sine Rammer og Retningslinjer ligg tilgjengelig i perioden 1. mars til 22. mars på følgjande stader:

- Resepsjonen i kommunehuset  
Bygdinvegen 1989
- Kommunen si heimeside :

[www.oystre-slidre.kommune.no](http://www.oystre-slidre.kommune.no)

#### Klage på eigedomstaksten:

Ei eventuell klage må bli sendt til kommunen **innan 12. april**. Ei klage må vera skriftleg. Du kan velje å bruke **klageskjema** som du finn på kommunen sin **heimeside**.

#### Kontaktinformasjon:

Ønsker du nærmare opplysningar om korleis din eigedom er taksert eller har andre spørsmål om eigedomsskattevedtaket kan du ta kontakt med eigedomsskattekontoret i kommunen. Du finn mykje informasjon på kommunen si heimeside.

Skattesetel med informasjon blir sendt ut i løpet av mars- månad

Giro for betaling blir sendt ut 15.mai

#### Betalingsforfall:

- |           |         |
|-----------|---------|
| 1. termin | 15.juni |
| 2. termin | 15.okt  |

Eigedomsskattekontoret er betjent :

måndag til fredag kl. 9 - 15

Telefon: 61 35 25 00

Det er også mogleg å gjere avtale om andre tidspunkt.

Eigedomsskattekontoret si e-post adresse er :

[eigedomsskatt@oystre-slidre.kommune.no](mailto:eigedomsskatt@oystre-slidre.kommune.no)

#### Begreper:

- **Bruksareal (BRA):** Grovt sett bygningsarealet innanfor yttervegg i ein bygning. For etasjer med skrå himling er det spesielle målereglar (*Norsk Standard-3940*).  
Areal bolig: Heile arealet på bustadhus, inkludert garasjer, uisolerte boder og vinterhagar integrert i eller bygd inntil bustadhuset (sjå også forklaring Areal alt.)  
Areal anna: Heile arealet på fritidsbustader, næringsbygg, naust og frittstående garasjer og uthus  
Areal alt.: Garasjeareal, uisolerte boder og vinterhagar integrert i eller bygd inntil bustadhus eller fritidsbustader (Areal for korreksjon av sjablong)  
Areal alt.2: Carportareal, anten frittstående eller bygd inntil andre bygningar
- **Vurderingsfaktor Indre:** Forhold på eigedomen som påvirker eigedomen sin verdi, slik som standard, kvalitet og funksjonalitet
- **Vurderingsfaktor Ytre:** Forhold rundt eigedomen som påvirker eigedomen sin verdi.